

Hans Olav Evensen
Skarsvegen 293
5911 ALVERSUND

Dato: 06.09.2016
Vår ref.: 2015/10633-23
Saksbehandlar: marerik
Dykkar ref.:

Regional transportplan Hordaland - medverknad og prosess

Viser til din e-post til Hordaland fylkeskommune datert 28. august 2016. I e-posten ber du om innpass på møte med politisk og administrativ leiing i Hordaland fylkeskommune, for å informere om behovet for prioritering av fylkesveg 404 i Lindås kommune.

Opplegg for medverknad i arbeidet med Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er omtalt i planprogrammet til RTP; [http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/regional-transportplan/](http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar-<u>under-arbeid/regional-transportplan/</u>). Der står det at den primære kontakten mot ålmenta i dette planarbeidet er gjennom høyring og offentleg ettersyn.

Ditt innspel, til høyring av planprogrammet, var ein del av den politiske saka om vedtak av planprogrammet, og handsama i utvalet for miljø og samferdsel og i fylkesutvalet i januar 2016. I saksframlegget står det at alle innspel som omhandlar spesifikke vegstrekningar, og innspel til sjølve planen eller handlingsprogrammet, vert tatt med i planarbeidet. Ditt innspel er altså ein del av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for det pågåande planarbeidet.

Fylkesveg 404 er ein del av det øvrige fylkesvegnettet. Som ein del av planarbeidet vert tilstanden på det øvrige fylkesvegnettet kartlagt. Kartlegginga vil gje betre kunnskap om tilstanden på vegnettet og utgjere eit grunnlag for prioritering av tiltak.

Etter vår vurdering kjem status og behov på fylkesveg 404 godt fram i det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg og det vert difor ikkje vurdert som aktuelt å legge opp til eit møte i denne saka.

Thorbjørn Aarethun
Leiar

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune
Astrid Aarhus Byrknes